



Tone Sjo  
Hodneland 105  
5957 MYKING

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/3178 - 19/35596

Saksbehandlar:  
Irene Wilhelmsen  
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:  
02.12.2019

## Tillatelse til avkjørsel fra kommunal veg - gbnr 40/6

**Tiltak:** Jordbruksavkøyrsløysle  
**Byggjestad:** Gbnr: 40/6 Hodneland  
**Tiltakshavar:** Tone Sjo  
**Ansvarleg søkjar:** Tone Sjo

Delegasjonssak nr.: 707/19

Saka gjeldt søknad om ny avkjørsel til kommunal veg, datert 22.11.2019.

### **Saksutgreiing:**

#### Informasjon om saka:

Søkjar har etter samtale med ein sakshandsamar på vegavdelinga sendt inn søknad om avkøyringsløyve til kommunal veg på Hodneland i samband med etablering av driftsavkøyrsløysle til kommunal veg for uttak av tømmer.

#### Vurdering/drøfting:

Plasseringa det vert søkt om avkøyringsløyve til kommunal veg, ligg på eit punkt som ein ser på flyfoto vert brukt til av og påkøyring i samband med tilkomst til slåttemark. Det vil nok vere den mest hensiktsmessige staden å plassere ei driftsavkøyrsløysle på her.

Sjølv om dette er ein lågtrafikkert blindveg er det viktig at siktkrava vert stetta. Siktkrava vert sett som for veg med fartsgrense 50km/t, 4mx45m.

Avkøyrsløysla skal nyttast i samband med uttak av tømmer på eigedom. Det er viktig å vere merksam på veglistene og kva bruksklasse vegen er klassifisert for. I tillegg til avkøyringsløyve må ein søkje om å få nytte offentlege vegar for tømmertransport. Hodnelandsvegen er ei kommunal veg, men ender ut i fylkesveg med låg standard så her vil både kommune og fylke måtte vurdere transporten.

#### Samandrag/konklusjon:

Det kan gis avkøyringsløyve til kommunal veg på dei vilkår som er lista under vedtak.

Det må sendast inn eigen søknad om bruk av vegnettet for sjølve transporten.



**Vedtak:**

Lindås kommune gjev avkøyringsløyve for driftsavkøyrseil til kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsona er sett til 4x45m som for veg med fartsgrense 50km/t og kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsle.

Det er viktig å merke seg at avkøyringsløyvet ikkje gjeld løyve til å etablere sjølv avkøyrsla. Eit slikt løyve er søknadspliktig etter plan- og bygningslova og må søkjast om via byggesaksavdelinga.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

**Bortfall av løyve**

Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Rune Kilen  
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Tone Sjo

Hodneland 105

5957

MYKING

Tone Sjo

Hodneland 105

5957

MYKING